

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Møte i Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Stad: Thon Hotel Otta, Ola Dahlgate 7, 2670 Otta, Tlf: 61210800, thonhotels.no/otta
Skypemøte

Dato: 24.-25. april, 2020

Påmelding:

| Kommune | Medlemmar | Møtt | Varamedlemmar | Møtt |
|----------|------------------------|------|-------------------|------|
| Dovre | Frode Faksvåg | | Inger Marie Aalbu | |
| Lesja | Liv Enstad | X | Einar Utgaard | |
| Lom | Jon Sjurgard | X | Sigrun Garmo | |
| Luster | Eli Merete Hansen Moen | X | Arne Hauge | |
| Fjord | John Helge Larsen | X | Monika Tettli | |
| Rauma | Ingunn Svelle Heinåli | X | Arne Hoem | |
| Skjåk | Randi Rust | X | Thorstein Åmodt | |
| Stranda | Steinar Aanning | | Torill Ansnes | |
| Stryn | Johan Berge | X | Karoline Hatledal | |
| Vågå | Pål Grev | X | Karola Wenzel | |
| FM-MR | Ola Betten | X | Astrid Buset | |
| Sekretær | Tor Taraldsrud | X | | |

Program:

Fredag 24. april

17:30 – 18:00 — Rundstykker / kaffe / te
18:00 – 19:30 — Møte villreinnemnda (møterom for minst 12 pers)
20:00 — Middag

Laurdag 25. april

08:00 – 09:00 — Frukost
09:00 – 10:30 — Møte villreinnemnda (møterom for minst 12 pers)
10:30 – 11:00 — Kaffi / te / frukt (i stort møterom)
11:00 – 13:00 — Felles møte med villreinutvalet (i stort møterom)
12:00 – 13:00 — Fagtema: Fotråte Veterinærinstituttet: (i stort møterom)
13:00 – 14:00 — Lunch (felles med villreinutvalet)
14:00 – 15:00 — Felles møte med villreinutvalet (i stort møterom forts.)
15:00 – 16:00 — Møte villreinnemnda (møterom for minst 12 pers)

Innhald

| | |
|--|----|
| 11. Godkjenning og innkalling av sakliste | 2 |
| 12. Referatsaker | 2 |
| 12.1. Samanblanding villrein – tamrein, Lomseggen | 2 |
| 12.2. Villrein drept i snøskred | 3 |
| 13. Årsmelding og rekneskap for 2019 | 3 |
| 14. Budsjett 2020 | 6 |
| 15. Villreinrådet - fagdag den 3.–4. juni, Bykle | 7 |
| 16. CWD-kartlegging | 7 |
| 17. Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen lyser ut middel til villreintiltak | 8 |
| 18. Kvote 2020 og tildeling av fellingsløyver | 9 |
| 19. Neste møte i nemnda | 12 |
| 20. Eventuelt | 12 |

Sakliste:

11. Godkjenning og innkalling av sakliste

Innstilling: Ingen merknader til innkalling og sakliste.


Vedtak: Ingen merknader til innkalling og sakliste. Samrøystes.

12. Referatsaker

12.1. Samanblanding villrein – tamrein, Lomseggen

21. mars fekk villreinutvalet for Reinheimen-Breheimen melding frå Lom Tamreinlag om at to villreinbukkar var kome inn i tamreinflokken. I tillegg var det sju villreinbukkar like ved. Lom Tamreinlag klarte ikkje å få desse to bukkane ut av flokken og ynskja å få dei avliva. Dei var redd for at villrein skulle dra med seg tamrein over grensa til Skjåk og ynskta å få villrein vekk frå flokken så snart som mogleg. Villreinnemnda v/sekretær sendte ein e-post til Miljødirektoratet (MD) med kopi til tamreinlaget og villreinutvalet med orientering om hendinga og informasjon om at tamreinlaget evt måtte søke MD om løyve til avlving.

Samanblanding skjedde ved Geitryggen i Lom – markert i kartet under:



Lom Tamreinlag søkte om løyve til avlving. Fekk avslag, e-post frå MD er limt inn under:

Hei!

Har hatt en rask sjekk på saken, også i forhold til fjorårets diskusjon. Bukkeflokker fra villreinstammen trekker årlig opp Lomsegge på vårvinteren, om enn noe tidligere de seinere åra.

Direktoratet ser at dette kan være konfliktfylt i forhold til tamreindrifta, men vil samtidig peke på at en felling av dyr ikke vil løse denne utfordringa på sikt. Felling som permanent løsnung vil kun gi fare for en større andel av bukkesegmentet i villreinbestanden blir borte. Tillatelse til felling gis derfor ikke.

*Det er behov for at alle berørte parter diskuterer hvordan en best kan løse denne utfordringa, og at dette kan gjøres gjennom et møtepunkt når det er tilrådelig at det kan gjennomføres, men i allefall i god tid før neste vinter.
Forsøk på å jage bukkene ut av flokken vil derfor være den primære løsning i dagens situasjon, og direktoratet anser at dette ikke vil komme i konflikt med natumangfoldlovens bestemmelser om "unødig jaging", jf §15, 1. ledd.*

*Med hilsen
Erik Lund
Seniorrydgiver, viltseksjonen*

Lom Tamreinlag gjorde eit nytt forsøk på å få dei to bukkane ut av flokken. Dei klarte å få ut den eine. Den andre bukken vart avliva.

12.2. Villrein drept i snøskred

Sverre Sæten (SNO) meldte 07.04.2020 til villreinutvalet (v/Knut Granum) om snøskred i Stabrekka, på grensa mellom Skjåk og Geiranger. Det var teke minst 4 rein: 2 dyr var døde, 1 kalv levde og ble gravd fram frå raset. Den hadde øydelagt ryggen og vart avliva. Simla, som låg ved kalven, virka frisk – og trakk unna. Skredet hadde truleg gått dei siste par dagane.

Innstilling: Referatsakene er tekne til orientering.
Vedtak: Referatsakene er tekne til orientering. Samrøystes.

13. Årsmelding og rekneskap for 2019

Møte

Nemnda hadde 3 møte i 2019. Årsmøtet var lagt til hotell Alexandra i Loen siste helga i april. Deler av møtet var felles med villreinutvalet. I midten av september hadde vi todagarsmøte i Jostedalen. Vi hadde med Sverre Fossen og Frank Smedegård som kjentmenn innover Jostedalen til Styggevatnet og fekk informasjon om villreinen sin bruk av områda i dag og i tidlegare tider. Det siste møtet hadde vi i Stryn kulturhus, dagmøte i midten av november. Vi hadde med oss Ingvild Hansen Nystad til å orientere om forvaltning av Geiranger – Herdalen landskapsvernområde.

Skrantejuka (CWD): Det var lagt opp til omfattande prøvetaking av CWD-prøver av all villrein eldre enn eit år som vart felt under jakt. I vårt område var det ei kvote på 1000 dyr, fordelt på 400 kalv og 600 vaksne dyr. Det vart felt 479 vaksne dyr. Av desse vart det innsendt 429 CWD-prøver (alle negative). Året før ble det sendt inn 515 CWD-prøver, da var det felt 555 vaksne dyr. Alle valda fekk tilsendt prøvetakingsutstyr direkte frå Veterinærinstituttet.

Nemnda var representert ved Einar Utgard, Eilev Hellekveen, Eli Hansen Moen, Jostein Tafjord, Ingunn Svelle Heinåli, Randi Rust, Ketil Gutubø og sekretær under årsmøte og fagdag i regi av villreinrådet på Dombås i starten av juni. Villreinrådet er ein frivillig organisasjon for villreinnemnder og villreinutval. Randi Rust vart vald inn som styremedlem i villreinrådet.

Sekretær deltok på evalueringsmøte for utval og oppsyn etter jakta.

Saker

Nemnda handsama 31 saker (inkludert referatsaker) i løpet av 2019.

Sekretariatet

Sekretariatet for villreinnemnda har frå 01.01.2009 kjøpt teneste av Skjåk kommune. Kjøp av tenester er heimla i kontrakt (frå 2016) inngått mellom Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Skjåk kommune.

Villreinområdet gjennom året

Bruken av arealet innan villreinområdet er den største utfordringa gjennom året. Villreinen er arealkrevjande og sårbar for forstyrring. I fleire saker er det viktig å bidra til å minimere konsekvensane av ulike inngrep. Leveområda er kontinuerleg pressa frå fleire hald.

Økonomi

Nemnda vart løyvd kr 450.000,- frå Miljødirektoratet i 2019. I tillegg hadde vi fått eit forskot på kr 130.711,- til sekretærarbeid i 2019. Kr 9.454,- var utgifter frå 2018 ført i 2019. Reelt hadde vi altså kr 571.257,- til disposisjon i 2019.

Midla blir overført Fylkesmannen i Møre og Romsdal, som fører rekneskap for villreinnemnda. Alle rekningar og krav blir sendt fylkesmannen via sekretariatet for påteikning. Nemnda hadde i ein periode noko redusert aktiviteten for å halde seg innanfor dei økonomiske rammene vi hadde fått. I dei siste par åra har økonomien vore betre og vi har hatt økonomi til å gjennomføre naudsynte aktivitetar. I 2019 vart utgiftene til drift noko mindre enn tildelinga, resterande beløp (kr 110.939,-) vart overført til Skjåk kommune som forskot på sekretærarbeid i 2020. Overskotet kjem ikkje fram i rekneskapet for 2019, men i budsjettet for 2020. Villreinnemnda får berre middel til drift eit og eit år. Rekningar som det ikkje er dekning for blir derfor utbetalt fyrst året etter. For å sørge for betre kontinuitet i drifta har Fylkesmannen i Møre og Romsdal overført resterande middel som forskot på sekretærfunksjonen.

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

5

Tabell 1 – rekneskap 2019 og budsjett 2020

| Konto | Forklaring rekneskap | Inntekter | Inntekter | Forklaring budsjett |
|------------|-----------------------------------|-------------------|-------------------|---|
| | | Regn 2019 | Budsj 2020 | |
| | | | kr 90 156 | Forskottering sekretærarbeid frå 2017 (ikkje brukt) |
| | | | kr 40 555 | Forskottering sekretærarbeid frå 2018 (ikkje brukt) |
| | | | kr 110 939 | Forskottering sekretærarbeid frå 2019 |
| 235 | Rame frå Miljødirektoratet | kr 450 000 | kr 370 000 | Rame frå Miljødirektoratet |
| | | | kr 611 650 | Sum middel til disposisjon i 2020 |

| Konto | Forklaring rekneskap | Kostnader | Kostnader | Forklaring budsjett |
|----------|--|-------------------|-------------------|---|
| | | | | |
| 5300 | Løn og godtgjersle styre, råd og utvalg | kr 129 810 | kr 133 000 | Om lag same nivå som i fjor |
| | Ekstrakostnader leiar | | kr 10 000 | |
| 5330 | Honorarer | | kr 10 000 | Innleige av kjentmenn, føredragshaldar |
| 5400 | Arbeidsgiveravgift | kr 18 716 | kr 20 163 | 14,1% av møtegodtgjersle |
| 5990 | Annen personalkostnad | | | |
| 5 | Sum løn og godtgjersle | kr 148 526 | kr 173 163 | |
| 6780 | Tenestekjøp sekretær 2019 (430,70 kr/t x 255 t) | kr 109 828 | kr 109 750 | 439 kr/t x 250 t, 50 timar ekstra pga. av noko meir møteaktivitet og oppfølging av CWD-kartlegging |
| 6780 | Tenestekjøp sekretær forskot 2020 | kr 110 939 | | |
| 6780 | | | kr 50 000 | Nytt arkivsystem frå 2017 hjå Miljødirektoratet. Har ikkje fungert optimalt, arkivet i dag ligg hjå Skjåk kommune, aktuelt med overføring? Truleg arbeid noko over ei veke om vi har ressursar til det? Var budsjettet i 2019, men ikkje utført. 50x439kr/t. Under møtet vart det lagt opp til å bruke noko meir middel på dette. Leige inn ein person til å arkivere gamle saker i miljødirektoratet sitt arkiv (to veker?) og noko meir arbeid på sekretær for å administrere. Auka frå kr 21.950,- til kr 50.000,- |
| 6780 | Stempling kontrollkort - villreinutvalet | | kr 10 000 | Vart ikkje utbetalt i 2019, men blir normalt gjort. Budsjettet med for to år i 2020 |
| 6820 | Trykksaker (bladet villreinen) | kr 1 200 | kr 1 200 | Trykksaker (bladet villreinen) |
| 6830 | Annonser | | | |
| 6860 | Møter eksterne, leige av møtelokale, kost og losji | kr 29 747 | kr 50 000 | Kan fort bli lågare kostnad her om møta iht korona |
| 6880 | Kurs og seminarer for eksterne deltakarar | kr 16 887 | | |
| 6940 | Porto | | | |
| 6 | Tenester | kr 268 601 | kr 220 950 | |
| 7100 | Bilgodtgjering, oppgavepliktig | kr 23 764 | kr 35 000 | Noko ekstra køyring om vi skal til Bykle |
| 7132 | Reisekostnad, ikkje oppgavepliktig | kr 1 247 | | |
| 7150 | Diettkostnad, oppgavepliktig | kr 2 251 | | |
| 7400 | Kontingent villreinerådet 2019 | kr 3 566 | kr 3 566 | |
| 7410 | Gåver, markering | kr 2 050 | kr 2 000 | |
| 7 | Reise | kr 32 878 | kr 40 566 | |
| | Sum | kr 450 005 | kr 434 679 | |
| | Resultat | -kr 5 | kr 176 971 | |

- Innstilling:** Årsmelding og rekneskap - godkjent.
- Behandling:** Fungerer godt med den sekretærfunksjonen som ein har i dag og samarbeidet med Fylkesmannen i Møre og Romsdal fungerer bra.
- Vedtak:** Årsmelding og rekneskap - godkjent. Samrøystes.

14. Budsjet 2020

Nemnda har motteke kr 370.000,- til drift i 2020. I fjor vart det utbetalt kr 110 939,- i forskot på sekretærfunksjon for 2020. I tillegg hadde Skjåk kommune att eit forskot frå tidlegare på kr 130 711,- Utgifter frå 2019 som vart ført i 2020 utgjør kr ,-Reelt har derfor nemnda kr 611 650,- til sitt arbeid dette året.

Den kritiske faktoren for nemnda sin økonomi er talet på møte. Nemnda meiner at skal vi klare å oppfylle den rolle som det er skissert at nemnda skal ha, bør det avviklast tre-fire møte i året og i tillegg møte i arbeidsutvalet ved behov. I 2020 bør vi få til omlag tilsvarende møteaktivitet som i 2019, men det kan bli noko amputert med omsyn til å avgrense sprenging av koronavirus. Nemnda ynskjer å vere aktiv i forhold til arealplanlegginga i den enkelte kommune. Nemnda vil og vere aktiv overfor villreinutvalet og avviklar også i dag mange møte i året saman med dei.

Ein del av møta i nemnda bør vera med overnatting. Det gjer at nemnda kan kombinere møteverksemda med synfaringar noko som er svært nyttig. Villreinområdet er stort og det er vanskeleg å ha oversikt, derfor er det nytting med synfaringar for medlemmane. Det gjer og at ein kan leggje opp synfaringar som inkluderer saker som skal bli behandla.

Det er truleg aktuelt å delta på fagdagen i Bykle for fleire av medlemmane i nemnda. Den er i utgangspunktet planlagt i juni, men det er mogleg at dette blir utsett til hausten. Det er vidare lagt opp til eit dagmøte og eit todagarsmøte. Nemnda si drift kan blir påverka av koronasituasjonen. Møteaktiviteten kan gå ned og føre til større grad av digitale møte noko som også påverkar budsjettet.

I haust skal det bli teke CWD-prøve av all villrein felt under jakt som er eit år og eldre. Villreinnemnda har ansvar for at jegerane får utstyret. Det er derfor budsjettert med 50 timar ekstra på sekretær.

- Innstilling:** Legge opp til eit budsjett som sikrar nemnda tilfredstillande aktivitet innanfor dei økonomiske ramane vi har.
- Behandling:** Nemnda har god økonomi, men må bruke av oppsparte middel for å halde det aktivitetsnivået som budsjettet legg opp til. Koronasituasjonen vil styre mykje av aktiviteten til nemnda dette året.
- Vedtak:** Legge opp til eit budsjett som sikrar nemnda tilfredstillande aktivitet innanfor dei økonomiske ramane vi har. Samrøystes.

15. Villreintrådet - fagdag den 3.–4. juni, Bykle

Saksa frå e-post frå sekretær i villreintrådet:

Villreintrådet har jobbet med planleggingen av årets fagdag, som i utgangspunktet var planlagt til den 3.-4. juni og på Bykle hotell i Bykle kommune.

Av naturlige årsaker, så har vi ventet med å sende ut invitasjon til fagdagen. Men vi har foreløpig heller ikke bestemt oss for å utsette. Jeg har vært i kontakt med hotellet og frem til 1. juni så er samtlige ansatte permittert. Selv om det kanskje er mest sannsynlig at fagdagen blir utsatt, så tenker vi å vente med den endelige beslutningen om dette, til etter at regjeringen har lagt frem sine føringer og anbefalinger like over påske. Hvis det skulle være greit å arrangere et slikt seminar tidlig i juni, så er det av alles interesse at hjulene raskt kommer i gang igjen – og kanskje spesielt for hotellet som går gjennom en vanskelig tid nå. Skulle vi se det som nødvendig å utsette fagdagen, så tenker vi at vi holder fast på både program og sted – men at vi i så fall møtes en gang i oktober.

- Innstilling:** Sidan det blir avgrensa med møtekostnader fyrste del av året er det truleg økonomisk opning for at fleire av (alle) medlemmane i nemnda kan delta på fagdagen.
- Behandling:** Villreintrådet legg opp til fagdag i veke 43, rundt 20.-22. okt. Det kan vera aktuelt å køyre saman med folk frå andre villreinområder. Det er aktuelt å ha eit nemndsmøte i samband med fagdagen. Om nokre medlemmar ikkje har høve til å vera med på fagdagen kan dei evt vera med digitalt på nemndsmøtet. Oppstartsmøtet er for både medlem og vara, viktig at også varamedlemmane har høve til fagleg oppdatering.
- Vedtak:** Opne for at både medlem og varamedlem har høve til å delta på fagdagen om dei ynskjer det. Samrøystes.

16. CWD-kartlegging

I haust skal det bli teke CWD-prøve av all villrein felt under jakt som er eit år og eldre, på same vis som i 2018 og 2019. Villreinnemnda har ansvar for bestilling og utdeling av prøvetakingsutstyr til valdansvarleg representant som skal levere det vidare til jegerane. Det kan vera aktuelt å arrangere eit informasjonsmøte slik som i 2018, men mange av jegerane begynner truleg å få godt tak på prøvetaking og er godt kjent med problematikken rundt CWD.

- Innstilling:** Sørge for utdeling av prøvetakingsutstyr til valdansvarleg representant som fordelar vidare til jegerar. Vurdere om det er naudsynt med informasjonsmøte og evt plassering av eit slikt møte.
- Behandling:** Bør arrangere CWD-møte i forkant av jakta. Primært fokusere på møte i Lesjaområdet, men gjerne få til møte i Ottadalsområdet i tillegg. Bør prøve å få fotrâte som tema på same møtet.

Vedtak: Sørge for utdeling av prøvetakingsutstyr til valdansvarleg representant som fordelar vidare til jegerar.
Legge opp til CWD-møte i forkant av jakta. Primært fokusere på møte i Lesjaområdet, men gjerne få til møte i Ottadalsområdet i tillegg. Bør prøve å få fotråde som tema på same møtet. Leiar og sekretær tar kontakt med aktuelle føredragshaldarar og finn fram til aktuell dato og møtestad.
Samrøystes.

17. Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen lyser ut middel til villreintiltak

Villreinnemnda har kr 191.632,- til utdeling i 2020

Villreinnemnda lyser ut middel til villreintiltak med søknadsfrist 15.06.20.

Tilskot til villreintiltak er innbetalte fellingsavgifter for villreinjakt som blir ført tilbake til det einskilde villreinområde. Middel kan bli brukt til tiltak som:

1. Styrker forvaltninga av villreinstamma.
 2. Styrker kunnskapen om villreinen sin arealbruk i både nåtid og fortid.
 3. Fremmar befolkninga sin forståing og kunnskap om villreinen sin bruk av fjellområda.
- Søknad skal innehalde målsetting og beskriving av tiltaket, budsjett (kostnadar og finansiering) og tidsramme for gjennomføring, namn og kontonummer til søker.

Send søknaden til:

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Moavegen 30

2690 Skjåk

tor.taraldsrud@skjaak.kommune.no

Innstilling: Pressemeldinga over blir sendt ut til: Alle kommunar innan villreinområdet, Fjuken, GD, Vigga, Fjordingen, Norddalen, Sunnmøringen, Storfjordnytt, Åndalsnes avis, Sogn avis, Romsdals Budstikke, villreinen. Midla blir fordelt på neste møte i nemnda etter søknadsfristen.

Vedtak: Pressemeldinga over blir sendt ut til: Alle kommunar innan villreinområdet, Fjuken, GD, Vigga, Fjordingen, Norddalen, Sunnmøringen, Storfjordnytt, Åndalsnes avis, Sogn avis, Romsdals Budstikke, villreinen. Midla blir fordelt på neste møte i nemnda etter søknadsfristen.

18. Kvote 2020 og tildeling av fellingsløyver

Villreinnemnda vurderer kvotesøknad på bakgrunn av bestandsplan, teljing av vinterstamme og årleg kvotesøknad frå villreinutvalet. Det er søkt om 750 fellingsløyver. Søknad frå villreinutvalet datert 12. mars er limt inn i saka lengre ned. Talet på fellingsløyver er seinare justert ned frå 800 til 750, reduksjonen gjeld Breheimen.

Reinheimen: Det var gjennomført minimumsteljing med helikopter 5. mars. Da var vinterstamma i Reinheimen telt til 1936 dyr mot 2032 i fjor (målsetting: 1800-2000). Kvoteforslag på nord er sett til 500 dyr. Det har vore observert relativt mange dyr med fotråte dei siste to åra, noko som kan føre til lågare tilvekst i stammen. Denne vinteren har det og vore mykje snø og ein del ising av beiter som også kan ha negativ effekt på kalvetilvekst. Det er truleg fornuftig å halde såpass låg kvote som 500 dyr.

Tabell 2

| Reinheimen | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | Kommentar 2020 |
|-----------------|------|------|------|------|------|-----------------------------|
| Vinterstamme | 2098 | 1941 | 2266 | 2032 | 1936 | |
| Tilvekst | 355 | 693 | 429 | 413 | 387 | Estimert 20 % kalvetilvekst |
| Tilvekst % | 17 % | 36 % | 19 % | 20 % | 20 % | |
| Sommarbestand | 2453 | 2634 | 2695 | 2445 | 2323 | |
| Avskyting | 512 | 368 | 663 | 509 | 350 | Estimert 70 % felling |
| Kvote | 725 | 675 | 900 | 700 | 500 | |
| Fellingsprosent | 71 % | 55 % | 74 % | 73 % | 70 % | |

Breheimen: Breheimen er delt i to delstammar og har målsetting om ein vinterstamme på 700-800 dyr: Sør-aust og sør-vest. På sør-aust var vinterstamma 488 dyr mot 535 i fjor. På sør-vest vart ikkje alle dyra funne under helikopterteljinga i mars. Det vart funne 192 dyr fordelt på 97 dyr i Sekken og 95 dyr i Hamsedalen (nord-vest). SNO tok eit bilete av ein flokk på 262 dyr i Huguvarområdet den 7. januar. Ein trur at 95 av desse dyra har drege til Hamsedalen, dei resterande 167 har ein ikkje klart å finne att. Dei kan vere teke av snøskred eller dei kan ha drege ut av området.

Det vart gjennomført ny helikopterteljing på sør-vestområdet den 20. april. Da fann ein 306 dyr, altså 114 fleire enn i mars. 83 av desse dyra var fortsatt på nord-vestområdet. Her har ein ikkje hatt kalving sidan 2004 og ein ynskjer ei reetablering av stammen i dette området. Det er derfor veldig spennande om dei blir verande her fram til kalving. Dei har vore der sidan januar/februar og fram til no. Om dei blir i dette området, har villreinutvalet signalisert at dei ynskjer fortsatt freding eller berre ei avgrensa jakt i dette her. Det er opp til rettshavarane å eventuelt velje å frede i dette området. Med kvote på 80 dyr innan sør-vest vil tilvekst og avskyting truleg bli på omlag same nivå (sjå tabell 3).

På sør-aust vil ei kvote på 170 dyr truleg føre til ein vidare reduksjon av stamma, ned mot 450 dyr. Stamma på sør-aust har i ein periode vore noko høgare enn bestandsmålet, delkvota i dette området verkar derfor fornuftig.

Kvoteforslag på sør er samla sett til 250 dyr (justert etter siste teljing, jf tlf-samtale med sekretær i villreinutvalet 20. april). Inkludert siste teljing er vinterstamma på 794 dyr og altså innanfor bestandsmålet.

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

10

I følge § 7 i Naturmangfaldslova skal alle vedtak der ein påverkar naturmangfald bli vurderast etter dei miljørettslege prinsipp - §§ 8-12:

Kunnskapsgrunnlaget er godt med bakgrunn i årlege bestandsregistreringar (§§ 8-9).

Kvotestorleik er forsvarleg (§ 10). §§ 11-12 er ikkje relevant i denne saka.

Tabell 3

| Breheimen | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | Kommentar 2020 |
|------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-----------------------------|
| Vinterstamme | 783 | 832 | 780 | 915 | 794 | |
| Tilvekst | 205 | 161 | 314 | 94 | 159 | Estimert 20 % kalvetilvekst |
| Tilvekst % | 26 % | 19 % | 40 % | 10 % | 20 % | |
| Sommarbestand | 988 | 993 | 1094 | 1009 | 953 | |
| Avskyting | 156 | 213 | 179 | 215 | 190 | Estimert 76 % felling |
| Kvote | 200 | 250 | 225 | 300 | 250 | |
| Fellingsprosent | 78 % | 85 % | 80 % | 72 % | 76 % | |

| Breheimen Sør-Aust | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | Kommentar 2020 |
|---------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-----------------------------|
| Vinterstamme | 568 | 551 | 550 | 535 | 488 | |
| Tilvekst | 124 | 164 | 127 | 63 | 98 | Estimert 20 % kalvetilvekst |
| Tilvekst % | 22 % | 30 % | 23 % | 12 % | 20 % | |
| Sommarbestand | 692 | 715 | 677 | 598 | 586 | |
| Avskyting | 141 | 165 | 142 | 110 | 125 | Estimert 74 % felling |
| Kvote | 185 | 200 | 185 | 171 | 170 | |
| Fellingsprosent | 76 % | 83 % | 77 % | 64 % | 74 % | |

| Breheimen Sør-Vest | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | Kommentar 2020 |
|---------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-----------------------------|
| Vinterstamme | 215 | 281 | 230 | 380 | 306 | |
| Tilvekst | 81 | -3 | 187 | 31 | 61 | Estimert 20 % kalvetilvekst |
| Tilvekst % | 38 % | -1 % | 81 % | 8 % | 20 % | |
| Sommarbestand | 296 | 278 | 417 | 411 | 367 | |
| Avskyting | 15 | 48 | 37 | 105 | 65 | Estimert 81 % felling |
| Kvote | 15 | 50 | 40 | 129 | 80 | |
| Fellingsprosent | 100 % | 96 % | 93 % | 81 % | 81 % | |

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

11

Saksa frå møtet til villreinutvalet 12. mars 2020:

Sekretæren orienterte om årets telling den 5. mars 2020, der det ble funnet 1936 dyr i Reinheimen. Lys- og sporforhold var ikke optimale, så tellingen ble avsluttet uten at alle dyr i Breheimen ble funnet: 488 dyr ble funnet i de østlige områdene og 192 dyr i de vestligste deler av Breheimen. 95 dyr hadde her krysset Otta elv/rv.15 i Breidalen på vei nordover - og ut av Breheimområdet, til Hamsedalen i Skjåk – til det området som benevnes som Skjåk Nord-Vest (Reinheimen villreinområde). Flokken har i løpet av de to ukene etter telling vandret videre nordover i retning Tafjord-fjellene, og trolig delt seg i to flokker: en flokk ved Reindalsreset på nordsida av Hamsedalen og en flokk ved Grønvatnet i Skjåk, noe lenger nordøst. Vestområdet har uvanlig mye snø i vinter, dyrene går nærmest fra stein til stein som stikker opp av snøen, og gnager på det de finner der. Derfor streifer dyrene mye og langt, på leting etter mat.

Foto tatt av Statens naturoppsyn 07.01.2020 supplerer vårt bestands-estimat i dette vestområdet: Ca 750 dyr i Breheimen: 488 dyr i SØ og 240 dyr SV (+ 95 dyr i Nord-Vest)

Dagens møte ga sekretæren fullmakt til å organisere en ny telling i dette området, hvis myndighetene åpner opp igjen for slik helikopterflyging denne våren.

Kvotvedtak på møtet ble gjort med basis i foreliggende telling og bildeinfo fra SNO.

Kvoteforslag kan endres fram til årsmøtet hvis nye registreringer/hendelser tilsier det:

- Kvote i Reinheimen: 500 dyr/fellingsløyver.
- Kvote i Breheimen: 300 dyr/fellingsløyver. (Kan bli justert ned mot 200 f.løyver?)
- Totalkvot 2020: 800 dyr/fellingsløyver. (Kan bli justert ned mot 700 f.løyver?)

Usikkerheten om dyrene blir værende på nord-vestområdet kommende jakt ble diskutert på møtet. Villreinutvalget har muligheter til å la jakten foregå der dyrene er i dette vest-området. Samtidig ønsker en å reetablere dyr i nord-vestområdet (mot Tafjordfjella), så eventuell jakt her må bli begrenset. Stammen vil bli forsøkt overvåket gjennom sommeren 2020.

Villreinutvalget vil derfor fremme en «fleksibel» kvotesøknad til villreinnemnda i midten av april d.å. – og nemnda ordner da med nok kontrollkort, opp til «maksimal» kvote.

Tabell 4: Fordeling av ulike kategoriar kort:

| Korttype | 2018 | | 2019 | | 2020 | |
|-----------------------|------|------|------|------|------|------|
| | NORD | SØR | NORD | SØR | NORD | SØR |
| Kalv | 40 % | 40 % | 40 % | 40 % | 40 % | 40 % |
| Simle / Bukk u. 40 kg | 30 % | 30 % | 30 % | 30 % | 30 % | 30 % |
| Bukk u. 50 kg | 5 % | 5 % | 5 % | 5 % | 5 % | 5 % |
| Fritt dyr | 25 % | 25 % | 25 % | 25 % | 25 % | 25 % |

Tabell 5: Fordeling av kort mellom valda.

| | Kvotandel | Fordeling |
|---------|-----------|--|
| Oppland | 85 % | Fordeling iht areal mellom valda innan Oppland |
| Rauma | 8 % | Fordeling iht areal innan Rauma |
| Norddal | 5,5 % | Fordeling iht areal innan Norddal |
| Stranda | 1,5 % | Fordeling iht areal innan Stranda |
| Sum | 100 % | |
| Skjåk | 75 % | Eit vald |
| Stryn | 7 % | Eit vald |
| Luster | 18 % | Eit vald |
| Sum | 100 % | |

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

12

I følge bestandsplanen kan det bli sett av nokre oppsynskort. For 2020 blir det sett av 13 oppsynskort på nordområdet og 8 på sørområdet. Desse blir teke frå totalkvota og belastar derfor kvart vald likt.

Innstilling: Nemnda har fastsett ei samla kvote for heile villreinområdet til 750 dyr for 2020, fordelt på 250 dyr på sørområdet (Breheimen) og 500 dyr på nordområdet (Reinheimen).
Vald som har gjeve skriftleg tilslutning til bestandsplanen får tildelt fellingsløyver som valfrie dyr.
Fordeling av villreinkort på ulike kategoriar skal vere som i tabell 6.
Fordeling av villreinkort på ulike vald slik det går fram av tabell 7 jf bestandsplan.

Behandling: Diskusjon om kvota i Reinheimen var i minste laget. Førre var iht fotråde og mykje snø / ising av beite.

Vedtak: Nemnda har fastsett ei samla kvote for heile villreinområdet til 750 dyr for 2020, fordelt på 250 dyr på sørområdet (Breheimen) og 500 dyr på nordområdet (Reinheimen).
Vald som har gjeve skriftleg tilslutning til bestandsplanen får tildelt fellingsløyver som valfrie dyr.
Fordeling av villreinkort på ulike kategoriar skal vere som i tabell 6.
Fordeling av villreinkort på ulike vald slik det går fram av tabell 7 jf bestandsplan.

19. Neste møte i nemnda

Innstilling: Neste møte i nemnda:

Vedtak: Neste møte i nemnda er avhengig av koronasituasjonen. Ynskjeleg med møte:


- Siste halvdel av juni
- I forkant av jakta
- I oktober i samband med fagdag

Aktuelt med møte på Sota sæter.

20. Eventuelt

Innstilling:

Johan Berge
Leiar


Tor Taraldsrud
Sekretær